

# Meir kunstsatsing – kvikkare hjerne!

Skular som satsar på kunst- og kulturfag, får best resultat også i dei teoretiske faga. Det er resultat frå ei fersk UNESCO-undersøking som får kunsslærarane Janne Lepperød og Trude Kallestad til å juble. For nettopp slik kan kunst- og handverksfaget fungere på sitt beste, meiner dei.

TEKST OG FOTO: Ingebjørg Jensen

► Dei tenkte også slik då dei for to år sidan kom med boka «Kunst- og håndverkstimen» for 1. til 4. trinnet. No kjem boka som fører vidare dei same pedagogiske metodane for 5. til 7. trinnet, med mange idear om korleis lærarane kan gå fram. Som i den første boka, er det elevar i denne delen av grunnskulen som er medarbeidarar og får verka sine på trykk side om side med verdsnamn som kunstnaren Leonardo da Vinci og designaren Phillippe Stark.

Dei to lærarane som no jobbar på kvar sin kant av landet, starta samarbeidet då dei dreiv «Maleskolen Minilangelo» i Trondheim for nokre år sidan. No jobbar Lepperød på Teigar ungdomsskole i Nøtterøy kommune i Vestfold, medan Kallestad er knytt til Indre Arna skule i Bergen.

I den nye «Kunst- og håndverkstimen» finn ein 20 ulike undervisningsopplegg innan kunst, visuell kommunikasjon, design og arkitektur. Boka har eit breitt spekter av tema og teknikkar, med eit dikt som utgangspunkt for kvart tema. Elevarbeid og kjende kunstverk står side om side, og viser vegen til bruk av ulike materiale og reiskap, kopla med teori.

UNESCO-undersøkinga, «The wow factor: global research compendium of the impact of the arts in education», leia av den engelske professoren Anne Bamford, tar for seg undervisningssystema i meir enn 60 land. Lepperød og Kallestad opplever den som ein god motvekt til PISA-undersøkinga sitt fokus på resultat i dei meir teoretiske faga.

– Rapporten viser at ved å undervise i kunst- og kulturfag og også bruke metodar frå desse faga i andre fag, får elevane eit meir positivt forhold til skulen. Til dømes blir resultat i språk og lesing 20 prosent betre i dei landa der dei gjer dette. Dei finske skulane, som scorar høgt i også andre internasjonale studiar, bruker læring gjennom kunstfagmetodar i 80 prosent av faga. Men UNESCO-undersøkinga viser også at dårlig undervisning i kunst- og kulturfaga

gir negativ effekt på læringsresultata og påverkar elevane sin sjølvtilitt og motivasjon, seier Trude Kallestad. Dei viser også til resultatata frå Statistisk sentralbyrå si kartlegging av kulturkompetansen i skolen. Frå 2005: Berre rundt halvparten av lærarane som underviser i kulturfag har fordjuping i faget. Dei trur det framleis er mange lærarar som underviser i kunst- og

kulturfag utan å ha god nok fagleg sjølvtilitt.

– Det dei lærar i kunst- og kulturfag, får elevane stor glede og nytte av fordi dei blir meir oppfinnsame, får meir kulturell og sosial «kapital», blir betre på etikk og improvisasjon. Dersom desse faga blir kombinert med realfag, kan det også hjelpe dei til å løyse komplekse oppgåver, fordi dei blir meir konkrete, seier Kallestad.



Tredjeklassingane Camilla Schnelle (t.v.) og Ingvild Nilsen frå Ådnemarka skule var bidragsytarar til den første «Kunst- og håndverkstimen»-boka. Her er dei saman med lærar og lærebokforfattar Trude Kallestad. Det er Ingvild som har laga drakebilletet i boka, framme til venstre.